



4H bygger engasjerte ungdommar for framtida

Å kome saman og skape samhold er godt etter to år der dette har vore avgrensa i samfunnet. Engasjementet på landsmøtet i 4H Norge gjev framtidsutsikter for å vidareutvikla ein aktiv og inkluderande organisasjon der det er plass til alle uansett kven du er, kva du står for, kor du kjem frå, alder og kjønn. Det skal være trygt å komme ny inn i 4H og ein skal bli møtt av frivillige, tillitsvalte og tilsette som er gode på å inkludera og på å skapa sosiale møteplassar for alle.

Demokratiopplæring står sterkt i 4H sjølv om me er ein organisasjon for born og unge. Dette meiner me gjer 4H til ein unik organisasjon. Kva andre organisasjonar gjev 10, 12 og 14-åringar opplæring i å føra rekneskap, skrive referat eller leie ein lokal 4H-klubb? Me ynskjer å styrkje dette samstundes som me vil satse på dei vaksne si rolle i klubbane.

Kvart år arbeidar medlemmane med ulike fordjupingar innanfor sine interessefelt. Dei siste åra har 4H gått digitalt og utvikla nye metodar for å gjennomføre det årlege 4H-prosjektet. På årets landsmøte vart det vedteke ein overgangsordning på korleis «vegen mot plaketten» skal gå vidare. For å skape meir aktive medlemmar ynskjer me å arbeide for at meir av aktivitet medlemmane gjer skal telle i vegen mot 4H-plaketten. Dei skal verte verdsette for å ta på seg verv, arrangere klubbaktiviteter, lage leir og å delta på fylkessamlingar og nasjonale arrangement.

Føremålsparagrafen seier at me skal skapa ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med respekt og ansvarsfølelse for naturen og menneskje. Gjennom auka deltaking, aktiv dugnadsinnsats og engasjement vil 4H skape framtidige tillitsvalte, samfunnsbyggjarar og demokratiambassadørar.